



Jobbnorge-ID: 291565

Søknadsfrist: 16.01.2026

Nettside: <https://www.aurland.kommune.no/>

Omfang: Fast present (67,5)

Varighet: Vikariat/mellombels

Har du lyst å bli den nye legen vår i ei kort periode?

Spesialist i allmenmedisin / ALIS

Om stillinga

Aurland kommune har ledig mellombels 67,50 % stilling som fastlege ved etablert legekontor. Stillinga er ledig frå snarast, og er eit vikariat som vil vare i om lag 6 månader, med moglegheit for forlenging.

Først og fremst ynskjer me spesialist i allmenmedisin, men lege under spesialisering (ALIS) kan også søke.

Me kan tilby tilpassa arbeidstidsordning, der du som vikar vil ha vekselvise arbeidsbolkar med fire veker klinisk praksis ved legekontoret, fire veker arbeidsfri, og 10% ubunden administrasjonstid. Ferie er rekna som 7,5% av stillinga, og skal avviklast i samband med friperioden.

Stillinga er knytt til Aurland legekontor, som i dag har tre fast tilsette legar i alternativ arbeidstidsordning, LIS1-lege og kommuneoverlege. Kommuneoverlegen er spesialist i samfunnsmedisin. Legekontoret er godt bemanna med helsesekretær, fagarbeidar og sjukepleiar.

Me nyttar journalsystemet Infodoc. Legekontoret er lokalisert i Fjordsenteret, og ligg fint til ved Aurlandsfjorden. Som lege hjå oss får du ta del i, og bidra til, utvikling av legetenesta og samhandlinga internt i kommunen. Som legespesialist vil du ha ansvar for rettleiingsoppgåver, og spanande utviklingsoppgåver.

Arbeids- og ansvarsområde

- Listetak etter avtale, per i dag er lista på 400 pasientar
- Det er knyttta allmenmedisinske offentlege oppgåver til stillinga, som sjukeheim eller helsestasjon
- Deltaking i interkommunalt 12 - delt legevaktssamarbeid for kommunane Aurland, Årdal og Lærdal, totalt ca 9500 innbyggjarar, samlokalisert med legevaktssentral og KAD ved Lærdal sjukehus. Vaktordning med fast timeløn etter lokal avtale og fri etter vakt.
- Legespesialist vil bidra med rettleiingsoppgåver

Me tilbyr

- Fokus på fagutvikling, med internundervisning kvar veke
- ALIS vil få tildelt rettleiar, og me vil saman utarbeide og fylgje opp utdanningsplanen din. Rettleiing og supervisjon vil skje ved Aurland legekontor
- Kultur for ad-hoc rådgiving på heile legekontoret
- Samlokalisering og godt samarbeid med andre kommunale helsetenester
- Tilbod om tilpassa arbeidstidsordning
- Ei utfordrande stilling med moglegheit for utvikling og fagleg påverknad
- Bli ein del av ein triveleg arbeidsplass der arbeidsmiljø står i sentrum
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Løn etter avtale
- Gratis inngang til treningsrom i Aurlandshallen
- Gratis inngang til symjehallen
- Hjelp til å skaffe bustad
- Hjelp til å skaffe jobb til partnar

Sjå gjerne informasjonsbrosjyre om kommunen vår [her](#).

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=aFXLAnqaUbl>

Kvalifikasjonar

- Offentleg godkjend lege med norsk autorisasjon
- Akuttmedisinsk kompetanse for legevakt
- Gode norskkunnskapar, både munnleg og skriftleg
- Førarkort klasse B, og disponere eigen bil

Løns- og tilsetjingsvilkår

- tilsetting, løn og arbeidsvilkår er i samsvar med gjeldande lover, reglement og tariffavtale.
- godkjend politiattest etter helsepersonellova før du byrjar i stillinga

Krav til språk

Du bør kommunisere godt på norsk, både munnleg og skriftleg. Aurland kommune nyttar nynorsk som målform.

Generell informasjon

Aurland kommune praktiserer meiroffentlegheit og kunngjer forenkla søkarlistar til ledige stillingar. Søkarar, som har oppmoda om at namnet blir unntateke søkarlista, må krysse av for dette og grunngje valet i søknadsteksten. Me tek kontakt med søkarar som har bedt om dette, dersom me meiner at grunngjevinga ikkje er tilstrekkeleg.

Mangfald kan gje oss eit breiare perspektiv. Medarbeidarar med ulik livserfaring og fagkombinasjonar kan gjere oss i stand til å finne gode løysingar i kommunen vår. Me oppfordrar derfor alle til å søke jobb utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn. Du er også velkomen til å søke sjølv om du ikkje kan syne til ei samanhengende yrkeskarriere.

Me ynskjer deg velkomen som arbeidssøkar i Aurland kommune.

Om oss

Aurland kommune ligg vakkert til ved Sognefjorden, sentralt ved E16 mellom Oslo og Bergen. Me ynskjer å vere Noreg si fremste kommune på heilårsturisme, og har eit mangfaldig næringsliv i vekst. Me er om lag 1 830 innbyggjarar fordelt på bygdene Aurlandsvengen, Undredal, Flåm, Gudvangen og Vassbygdi. Aurland kommune satsar spesielt på trygge oppvekstkår, nærings- og bustadutvikling og god tenesteyting. Kommunen har gode kultur- og idrettstilbod både for små og store, som til dømes basseng, musikkskule, klatring, handball, fotball, friidrett og boksing.

På kulturskulen kan ein få opplæring i gitar, trommer, bass og biletkunst m.m. Aurland er ei naturperle og ideelt for fjellturar, jakt og fiske. Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er på UNESCO si verdsarvliste for det spektakulære fjell- og fjordlandskapet. Det er kort veg til Myrkdalen, Vatnahalsen, Sogndal og Hemsedal om du likar å gå langrenn eller vil i slalåmbakken. Vil du nyte god mat, har me restaurant, kafé, bryggeri, og bakeri.

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersonar:

- Joachim Bendiksen Hagen, Stabsleiar helse og omsorg
Telefon: +4795984651 | E-post: joachim.bendiksen.hagen@aurland.kommune.no
- Frøydís Gullbrå, kommuneoverlege
Telefon: +4790959808 | E-post: froydis.gullbra@aurland.kommune.no

Arbeidsstad:

Onstadvegen 25 5745 Aurland (Aurland Kommune)